

Språkstimulering i barnehagane i Seljord Kommune

”Vi har jo heile dagen”

Av Tone Bøhn, pedagogisk konsulent



Fakta om prosjektet - bakgrunn

Språk er viktig for å klare seg godt i samfunnet vårt. Språket er viktig for å forstå oss sjølv og verda rundt oss. Språket er viktig når vi utviklar identiteten vår fordi språket er det viktigaste middelet vi har i all kommunikasjon. Etterkvart har det kome mykje forskning som viser at å kunne språket godt er ein føresetnad for å klare seg i vidare utdanning og yrkesliv, forskning viser og at språket er eit viktig verkemiddel for å utjamne sosiale forskjellar. Dette er bakgrunnen for at Kunnskapsdepartementet har lagt vekt på tidleg innsats og fokus på barnehagen si rolle i Stortingsmelding nr. 16. Vi veit mykje om at t.d. minoritetsspråklege barn som ikkje har fått lært norsk godt nok, ofte kjem til kort når dei kjem høgare opp i skulen og vidare i studie og yrkesliv.

Å arbeide med språk er ikkje noko nytt i barnehagen. Rammeplanen frå 1996 hadde ”Språk, tekst og kommunikasjon” som eit av fagområda. Planen la vekt på språket som kommunikasjonsmiddel, den hadde fokus på samtala og leik med språket. Rammeplanen la vekt på dei vaksne som føredøme, dessutan la den vekt på bruken av tekst, bøker, forteljingstradisjon og tekstskaping.

Seljord kommune fekk i 2002-2004 prosjektmidlar frå Fylkesmannen til å revidere den lokale rammeplanen. Vi hadde sett at barnehagen hadde endra seg sidan Rammeplanen kom. 6-åringane gjekk over i skulen, og barnehagane fekk mange fleire barn ned i eit års alder. Ein del av det pedagogiske arbeidet forsvann med 6-åringane, m.a. det systematiske arbeidet med språk. Vi leita etter ein ny fagleg ståstad for arbeidet med dei minste barna. Gjennom arbeidet med revidering av den lokale rammeplanen, valde barnehagane i Seljord at eit av satsingsområda i barnehagen skulle vere ” Støtte og stimulere barnas evne til å kommunisere språkleg”. Vi valde fylgjande tiltak:

- Barna skal få systematisk oppfølging i si språkutvikling
- Personalet skal legge til rette for språkfremjande aktivitetar
- Personalet skal vere bevisste språkmodellar, verbalt og nonverbalt
- Personalet skal nytte lokal dialekt og nynorsk i songar, forteljingar, rim og regler så langt det let seg gjera.
- Personalet skal systematisk registrere barnas språkutvikling.

Eit anna satsingsområde vi valde var ” barnehagen skal vera ein bevisst lokal kulturberar med m.a. fylgjande tiltak:

- Barnehagen må ha eit felles arbeidsdokument som inneheld eit utval av lokale segner, songar, rim og regler, kjende stadnamn og lokale tradisjonar frå heile kommunen.

Då arbeidet med lokal rammeplan var ferdig, var behovet i sektoren stort for å kome i gang med å utvikle ein plan for systematisk språkarbeid i barnehagesektoren, dessutan ville vi ha på plass eit lokalt verktøy for språkstimulering.

Utdannings-og forskningsdepartementet utarbeidde våren 2003 tiltaksplanen "Gi rom for lesing" - strategi for stimulering av lese lyst og leseferdighet 2003-2007". Seljord kommune nytta høvet til å søkje om prosjektmidlar gjennom Fylkesmannen, og fekk midlar til å setje i gang arbeidet med systematisk språkarbeid i barnehagane i Seljord.

Då vi etter kvart såg at arbeidet var for omfattande for eit års arbeid, søkte vi om og fekk skjønnsmidlar for 2006 til fornyings- og omstillingstiltak gjennom Vest-Telemarksrådet for å fullføre prosjektet. I mellomtida kom også den reviderte rammeplanen, og vi hadde eit sterkt ynskje om å tilpasse Plan for språkstimulering i barnehagane i Seljord til ein heilt nyrevidert rammeplan. At revidert rammeplan skulle passe så godt til dei tankane vi hadde gjort oss under arbeidet med lokal rammeplan, var ein viktig stimulering til auka innsats. Når no i tillegg Stortingsmelding nr. 16, "...og ingen stod igjen - Tidleg innsats for livslang læring" har kome, er det igjen ei stadfesting av at vi er på rett veg. .

Prosjektet har no vart i halvanna år, og skal vere ferdig våren 2007.

Om barnehagesektoren i Seljord

Seljord kommune er ein kommune med om lag 3000 innbyggjarar. Kommunen har 4 kommunale barnehagar med til saman 118 plassar. Barnehagesektoren er i sterk vekst, og talet på pedagogar og assistentar har auka kraftig dei siste åra. Ein ny barnehage vil vere ferdig utbygd i 2008. Kommunen har i mange år satsa sterkt på det faglege innhaldet i barnehagen. Alle barnehagane har full førskulelærardekning med 2 førskulelærarar pr. 18 plassar. I tillegg har vi i mange år hatt faste faglege arenaer for kompetanseutvikling og pedagogiske drøftingar, slik som 3 pedagogmøte og 2 fagtreff for alle dei tilsette i barnehagane pr. år. Desse arenaene har vore bruka til kompetanseutvikling og arbeidsmøte innafor temaet språk i prosjektperioden.

Om prosjektet.

Prosjektet sette seg fylgjande mål:

- Utvikle eit opplegg og verktøy for systematisk språkstimulering i barnehagane i Seljord, både med tanke på barn med normal språkutvikling, barn med ulike språkvanskar og barn med minoritetsspråkleg bakgrunn.
- Samle og systematisere materiell for språkstimulering.
- Kommunal plan for språkstimulering og førebygging av lese- og skrivevanskar frå barnehage til ungdomsskule
- Lage eit felles opplegg for arbeid med lesing og litteratur for barnehagane
- Auke kompetansen i personalet om temaet
- Utvikle eit samarbeid med foreldre om språk- og lesestimulering
- Samarbeid med biblioteket og helsesyster.

Ganske ambisiøse mål, og vi har heller ikkje nådd alle måla. M.a. har det vore vanskeleg å få til eit godt nok samarbeid med skulane innafor ramma av prosjektet, men det er noko av det kommunen har bestemt seg for å arbeide vidare med. Kommunen har difor no 5 lærarar som tek vidareutdanning i Lese- og skriveopplæring ved Høgskulen i Vestfold, og vi kjem til å få i gang dette arbeidet neste skuleår.

Ved oppstart av prosjektet gjennomførte kommunen i samarbeid med Vest-Telemark PPT ein skulering for alle tilsette om TRAS (Tidleg registrering av språkutvikling). Alle barnehagane i Seljord har teke TRAS i bruk. I prosjektperioden har PPT også vore med på eit pedagogmøte for å drøfte metodar og erfaringar med verktøyet.

Vi valde å satse sterkt på kompetanseutvikling fyrste året. I samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark arrangerte vi eit kurs om språkstimulering og tidleg skriftspråkstimulering med Bente Hagtvet i september 2005: "Skriftspråkstimulering i barnehagen".

I tillegg deltok vi på ein rekke andre kompetansetiltak: "Språkpakken" i regi av Universitetet i Oslo og Bredtvet kompetansesenter, kurs om "Snakkepakken". "Den magiske språkposen" med Marie Louise Nyberg i Skien. Vi arrangerte også eigne kurs lokalt, m.a. med logoped Bjørg Bøhn frå Gol kommune: "Leik med språket", sjefsbibliotekar Britt Haugland i Seljord var med oss på både eit fagtreff og eit storforeldremøte og presenterte ny barnelitteratur med vekt på bilete- og samtalebøker, og PPT og spesialpedagog for førskulebarn var og med på foreldremøtet og snakket om korleis stimulere barn språkleg i kvardagen.

Vi brukte to fagtreff til å arbeide med å samle og systematisere lokalt tradisjonsstoff, vers, rim og regler. Her hadde vi og ein gjennomgang av språkstimuleringsverktøy og kva vi kan bruke og lage lokalt.

Eit pedagogmøte blei brukt til å drøfte "Språkstimulering i kvardagen".

Spesialpedagog for førskulebarn har delteke på ein rekke kurs som har vore relevante for prosjektet, m.a. eit kurs om teiknstøtte og visualisering.

Vi har og planlagt ein tur til bydel Bjerke i Oslo for å lære om det spennande prosjektet "Lær meg norsk før skolestart", om språkarbeid spesielt med tanke på minoritetspråklege barn. Dette er eit tema vi ynskjer å arbeide spesielt med vidare framover.

Det siste vi har planlagt innafor prosjektet er eit fagtreff om munnleg forteljing.

Dessutan ynskjer vi å nytte eit fagtreff der vi samlar trådane frå prosjektet. Vi ser at det er behov for å gå gjennom kva vi har lært, kva for metodar vi ynskjer å løfte og å knytte kunnskapen vi har fått til den reviderte rammeplanen. Rammeplanen har gjennom fagområdet "Kommunikasjon, språk og tekst" lagt stor vekt på tidleg språkstimulering, og har også eit sterkt fokus på vaksenrolla. Vi ynskjer difor å bruke tid til å drøfte kva krava til vaksenrolla innafor dette temaet inneber for barnehagane i Seljord; kva betyr det, kva gjer vi med det, kva betyr det for korleis vi møter barna, korleis vi nytter personalet, korleis vi organiserer dagen, kva for utstyr vi har tilgang på, korleis læringsmiljøet vårt skal vere o.l. Rammeplanen gir oss mykje spennande å ta tak i.

Gjennom halvanna år har vi nådd mykje, men vi ser og at det er eit omfattande arbeid som slett ikkje er ferdig våren 2007.

Vurdering

Vi er godt i gang med å lage eit språkstimuleringsverktøy basert på lokale tradisjonar. Vi har blitt inspirert av verktøy som Snakkepakken, men ser og at det går fint å lage eigne verktøy ut frå eigne segn, folkeviser, stev og vers. Ein av pedagogane våre har laga eit verktøy som vi kallar "Vårt skattekamer". Det har ho brukt prinsipp frå "Språkposene" og "Snakkepakken", ho har samla og laga figurar innafor ulike omgrepssområde; dyr, menneske, natur, møblar o.l. Dessutan har ho funne fram stoff, ting til kulissar, kort, bilete o.l. til eventyr, segn og viser

som blir mykje bruka i barnehagane i Seljord. Alt er samla i oversiktlege boksar og posar med namn på slik at det skal vere lett å finne og bruke. I tillegg har vi samla språkfremjande spel og leiker på same stad.



”Gå aldri tomhendt til ein samlingsstund”.

Barnehagane er blitt mykje meir bevisste på visualisering som prinsipp. Vi veit at dette er til gagn for minoritetsspråklege barn, barn med hørselsvanskar og barn med språkvanskar, men vi erfarar og at dette er positivt for alle barn. Gjennom språkprosjektet har barnehagane samla gamalt og nytt materiell, alt er samla på ein plass i kvar barnehage, og vi har laga ein oversikt over kva som finst slik at det er blitt meir tilgjengeleg for alle dei tilsette. Og personalet i barnehagane er blitt meir kreative når det gjeld å visualisere det som er tema for samlingsstund, læringsøkt, eventyrforteljing eller andre aktivitetar.

Språkperm

Eit av måla med språkprosjektet har vore å lage ein språkperm. Den skal vere delt i to, ein teoridel og ein praktisk del. Teoridelen vil ta for seg litt om språkteori; normal språkutvikling, kort om språkvanskar, når barnehagane skal setje inn tiltak eller søkje om hjelp, prinsipp for språkstimulering, vaksenrolla, både som foreldre og tilsett i barnehage, og tilslutt om overgangen frå barnehage til skule.

Praksisdelen skal vere ein idébank.

Der vil vi ha ein oversikt over litteratur, både faglitteratur og tilrådde bøker for barn.

Vi vil ha ein oversikt over metodar og materiell som barnehagane i Seljord brukar. I den vil vi legge vekt på lokalt stoff slik som forteljingar, segn., eventyr, regler og rim.

Vi vil og ha samla materiell om språkstimulering, med aktivitetar og arbeidsmåtar. Verktøy som vi har vald å bruke i Seljord vil stå omtalt i Språkpermen. Vi har vald å bruke ”Snakkepakken”, TRAS-handboka, ”Språklege” (J.Frost og A.Løønegård, ”Språklege” (K. Løge), ”Leik med språket” (B.Bøhn), Språkposer, ”Språkkommoden”, og vi har og teke fram att delar av Ringeriksmateriellet.

Permen skal og ha ein oversikt over testar og kartleggingsmateriell som vi brukar i Seljord. Mykje av dette er materiell spesialpedagog, logoped og PPT nyttar, men det er viktig for barnehagane å vite om kva som finst, korleis det skal brukast og når det kan brukast.

Val av metodar

Vi ynskjer å framheve nokre metodar i barnehagane i Seljord. Desse metodane vil stå kort omtalt i praksispermen.



Bruk av bokstavar, tal og symbol er noko av dette. Det å skrive namn på materiell, hyller, garderobeplass o.l. er ein måte å synleggjere skriftspråket på. Ein annan måte er å la bokstavar vere framme slik at barna kan eksperimentere med bokstavar og ord. Magnetbokstavar på kjøleskapdører eller bokstavkort med borrelås, det viktigaste er å gjere det lett tilgjengeleg, og la ungane halde på med bokstavar når dei ynskjer det, og i tillegg vere tilstades og undre seg og glede seg saman med barna etter kvart som namn på barna og ulike ord dukkar fram.

Tekstskaping og leikeskriving har fått tilbake meir plass i barnehagane i Seljord i prosjektperioden. Bente Hagtvet la vekt på i kurset "Skriftspråkstimulering i barnehagen" kor viktig leikeskriving er for barnet si utforsking av språket, og at den vaksne må møte barnet der barnet er. La barna diktere, la barna skrive små forteljingar sjølv, notere ned barnet si forteljing til ei teikning, til ei bok eller liknande. Leiken kan og gje rom for mange skrivesituasjonar, til dømes handelappar når dei leikar butikk, skrive ned telefonbeskjedar o.l. Den vaksne må vere medforteljar, og skrive ned det barnet fortel, eller notere ned det barnet "les" frå eiga forteljing. Dessutan må den vaksne stimulere barnet til å fortelje ved å stille hjelpespørsmål når det trengst. Det er og viktig å leggje til rette for at barnet skal fortelje, og det kan bety at den vaksne må prøve mange ulike aktivitetar for å få alle barna til å fortelje: det kan vere å velje spesielle aktivitetar for enkelte gutar, slik som motorikk, konstruksjon, bygging og maskiner. Det kan vere å velje bilete, bøker og forteljingar bevisst ut frå kjennskap til barnet. For mange barn kan det vere nyttig å bruke data som hjelpemiddel. Når barna i sitt fyrste møte med skriftspråket opplever at dei blir tekne på alvor og blir møtt på ein positiv måte, vil dette vere viktig for utviklinga av både språk og identitet. Dessutan vil barna sine forteljingar gje eit fantastisk innblikk i korleis dei tenkjer.

Bøker og litteratur er eit viktig fokusområde innafor alt språkarbeid. Høgtlesing, lesestund, bokkrok, besøk på biblioteket, besøk av bibliotekar, alt dette er viktige element i planen for språkstimulering. Gjennom språkprosjektet har vi lært meir om korleis bruke boka til meir enn høgtlesing. Vi har lært at tradisjonell høgtlesing passar best for dei språksterke, og at barn med ulike språkvanskar fort kan falle av lasset når ein berre les frå ei bok utan å stanse opp. Dette har ført til at personalet i barnehagane i Seljord no les på ein annan måte og vel andre slags bøker. Vi vel helst bøker med mykje bilete, og lite eller ingen tekst, og når vi les høgt, stoppar vi mykje oftare opp og spør etter og samtalar ut frå teksten. Vi prøver å legge til rette for lesestund med få barn, medan i samlingsstunder med store barnegrupper prøver vi heller å samtale og å fortelje ut frå bøker, bilete og figurar.



Ved hjelp av eit godt samarbeid med bibliotekaren i Seljord har vi fått til at personalet jamnleg blir orientert om nytt og godt av barnebøker, dessutan har vi fått til at bibliotekaren deltek på foreldremøte kvart år. Barnehagane har fast avtale om å besøke biblioteket, og bibliotekaren kan også kome til barnehagane med ein bokkoffert viss barnehagane ynskjer det.

Leik med språket.

Till till tuten!

Korleis lever guten?

Guten liver så:

Han leikar med fingrane

og føtene små.

(Telemark)

Måter å gå på

Feta, rugga, røkla, sjaga,

vigge, labbe, halte, hoppe,

springe, lakke, hinke, snugge

(Flatdal)

Perioden mellom 4 og 7 år er super for å leike og tøyse med ord. (B. Hagtvet)

Rim, regler, vitsar, songar, tøysevers, ungane elsker det. Når vi i tillegg veit at leikprega språkaktivitetar er ein fantastisk reiskap for å oppøve språkleg kunnskap og medvete om lydar og stavingar i ord, og at språkleg medvete er ein føresetnad for å kunne lære og skrive, har vi vald å fokusere mykje på dette området.

Vi har samla mange lokale rim, regler og vers i språkpermen, vi har hengt opp kroppsregler over stallebordet og i garderoben og vi brukar mykje meir av daglegsituasjonane til å leike med ord og lydar. Vi klappar stavingar, vi lager nye ord, vi sett saman fleire ord, vi leiker "Mitt skip er lastet med" med lydar i ord, vi brukar fingerleiker, vi lærer utanat. Og vi mimar, fortel vitsar, lager liksom-ord, brukar kroppen, kort sagt; leikar med språket. Det er viktig at alle desse aktivitetane skal vere moro og stimulerande. Vi skal ikkje drive med skuleaktivitetar, og vi skal heller ikkje presse slike aktivitetar på barn som ikkje er klare for det. Målet er å finne fram til dei språkaktivitetane som treff alle barna.

Språkstimuleringsverktøyet. Vi ynskjer med verktøyet og med alle dei ulike metodane for språkstimulering å byggje opp eit rikt ordforråd hos barna. Verktøyet skal vere ein hjelp til å få eit rikt språk. Det skal hjelpe barna til å sortere under- og overomgrep, til å ha namn på ting, til å kunne setje ord på det som skjer i livet og verda. Vi har laga det meste av materiellet sjølv, og supplert med figurar, leiker o.l. som vi alt hadde i barnehagen eller har kjøpt.



Segnet om Skåne Bringsås frå Seljord

Samarbeid med PPT, spesialpedagog, logoped og andre fagmiljø. I Seljord har vi eit godt samarbeid med desse tenestene. Spesialpedagog for førskulebarn er tilgjengeleg i alle barnehagane, og er ein viktig ressurs for barnehagane ved drøftingar og kompetanseutvikling om språkrelaterte tema. Vi har og ein logopedressurs som gjer at vi kan setje i gang logopedtiltak i barnehagen så tidleg som mogleg. I tillegg til at PPT lager sakkyndige vurderingar for barn med spesielle behov, har vi og ei fast avtale om å nytte dei til observasjonar og vegleing knytt opp mot problemstillingar og faglege tema som barnehagane ber om.

Samarbeid med foreldre er og eit prioritert område når det gjeld språkstimulering. Vi ser klårt at det er viktig å spele på lag med foreldra når det gjeld språk. Vi samarbeider tett med foreldra når det gjeld TRAS-kartlegginga, eit godt hjelpemiddel til å fylle ut TRAS-skjema er barnesamtaler og foreldresamtaler.

Det er viktig at foreldra har kjennskap til korleis barnehagane arbeider med språk. Vi må orientere om korleis vi arbeider for at foreldra skal kunne fylgje opp det same heime. Det er

viktig at barna skal kunne leikeskrive heime, og at dei blir møtt positivt på det. Det er og viktig at barna møter bøker og litteratur heime, og at og foreldra kan dele gleda ved å leike med språket med ungane sine.

Vi har hatt temaet oppe på foreldremøte i fleire av barnehagane. For ikkje å overforbruke ressurspersonar innafor fagfeltet, arrangerte kommunen eit storforeldremøte med logoped frå PPT og spesialpedagog i kommunen som foredragshaldarar, men vi såg at det kom få foreldre til dette foreldremøtet, difor vil vi ta opp dette temaet i kvar barnehage ved seinare høve.

Plan for språkstimulering i barnehagane. Vi har vald å ta utgangspunkt i vaksenrolla når vi har laga Plan for språkstimulering i barnehagane i Seljord. Vi har sett opp hovudmåla i rammeplane innafor fagområdet Kommunikasjon, språk og tekst. Så har vi sett opp Vaksenrolla som utgangspunkt for ei opplisting av arbeidsmåtar og aldersadekvate aktivitetar, og kva for materiell og verktøy som kan vere aktuelt. Vi har prøvd å konkretisere kva alle krava til vaksenrolla betyr for oss. Rammeplanen skriv :

”Vere bevisste på at dei er førebilete når dei lyttar, gir konstruktiv respons og bruker kroppsspråk, talespråk og tekst” .

Vi prøver å spørje oss: kva betyr det, kva for arbeidsmåtar må vi bruke med dei minste, dei mellomste og dei eldste barna? Korleis skal vi møte dei, kva må personalet legge vekt på i møtet med dei ulike barna, er det materiell, verktøy, veremåtar som bør fokuserast ulikt på i dei ulike aldersgruppene? Kva for litteratur bør vi bruke, korleis legg vi til rette, bør vi organisere ting annleis? Kva for konsekvensar får det for alle barnehagane i Seljord? Plan for språkstimulering skal vere eit utgangspunkt for vurdering av innsatsen på språkområdet. Barnehagane skal ikkje vurdere det enkelte barn si språkutvikling og læring, men samspelet barna i mellom, mellom barna og personalet, og mellom dei tilsette i barnehagen (Rammeplane for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, kap. 4.3)

Vi meiner at Plan for språkstimulering med fokus på vaksenrolla og dei aktivitetane barnehagane legg opp til, gjev eit godt utgangspunkt for kvalitetsvurdering av språkarbeidet. Dette er noko av det vi ynskjer å arbeide meir med når planen er ferdig.

Vi ser og behovet for å lage ein underplan for barn med språkvanskar og minoritetsspråklege barn då dette krev mange andre tiltak enn arbeidet med barn med normal språkutvikling. Dette vil vi arbeide med etter besøket til Bydel Bjerke i Oslo.

Erfaringar

Vi har erfart at det er mange skjær i sjøen i eit prosjekt. Vi sette saman ei prosjektgruppe med representantar frå alle barnehagane i kommunen, nokre var styrarar og andre var pedagogiske leiarar. I tillegg var spesialpedagog for førskulebarn og pedagogisk konsulent med. Likevel kan det opplevast som vanskeleg å overføre fagkunnskap, drøftingar og innspel frå prosjektgruppa til barnehagane. Det har vore vanskeleg å finne tid til å få ut all kunnskap som deltakarar i prosjektgruppa tileigna seg gjennom ulike kurs, drøftingar i prosjektgruppa har ofte ikkje blitt tekne ut i barnehagane så grundig som vi ynskja. Vi har hatt nokre eldsjeler i barnehagane som tidleg tente på prosjektet og som har gjort ein kjempejobb med å lage lokale verktøy, men barnehagane er komne ulikt på området. Vi ser at styrar si rolle blir viktig i eit slikt prosjekt, det handlar om å rydde tid, motivere og inspirere eiga personalgruppe, støtte opp om eldsjelene, og å halde fokus på temaet i barnehagen. Det er og ein del ting ein bør drøfte i oppstart av eit prosjekt, slik som tidsbruk til møte og arbeid i ei prosjektgruppe, kven bør representere barnehagen i ei prosjektgruppa, korleis spreie kompetanse etter kurs, og ikkje minst korleis halde fokuset oppe i ein travel kvardag der ein gjerne har tusen ballar i lufta samstundes.

Vegen vidare

”Vi har jo heile dagen” – Alt samvere er språkleg samvere.

Dette har blitt ein rettesnor for personalet i barnehagane i Seljord. Språkleg kompetanse utviklar seg i møtet mellom menneske. Fokuset på vaksenrolla har hjelpt oss til å rette merksemda mot nettopp dette møtet. Korleis samtaler vi med barnet? Snakkar vi med eller til barnet? Er vi gode nok til å lytte? Signaliserar vi at vi har tid til barnet, og er vi gode nok til å bruke kvardagen til dei gode samtaleane? Er vi bevisste på å bruke dei travle situasjonane på badet, i garderoben, ved måltida til å glede oss over språket, til å lære nye ord? Korleis nyttar vi utelivet i barnehagen, er vi gode nok til å møte barna i gode samtaler, eller blir vi lett observatørar? Og kva kommuniserar vi i konflikatar og ved grensesetting? Kommuniserar vi at det barnet seier er viktig?

Prosjektet er enno ikkje heilt avslutta. Mellom anna er plandelen ikkje heilt ferdig. Vi har bestemt at vaksenrolla skal vere utgangspunktet for planen, og at den skal ta for seg det lokale stoffet, metodar og verktøy som vi meiner at barnehagane skal arbeide med i dei ulike aldersgruppene. Vi vil ikkje ha ein for detaljert plan, men den skal likevel forplikte barnehagane noko.

Vi er heller ikkje heilt ferdige med språkpermen. Vi har sett at arbeidet med språkstimulering for minoritetsspråklege barn og barn med språkvanskar bør løftast fram som eigne delplanar, difor ynskjer vi å få meir kompetanse på dei områda.

Refleksjon over krava til vaksenrolla krev tid. Vi har og erfart at systematisk språkarbeid i barnehagen medfører mange val og prioriteringar. Vi er glade for at vi fekk midlar til å halde på i to år, men ser at dette området er for stort til å avslutte no. Vi har drøfta om vi skal knytte oss til eit kompetansemiljø for å prøve å lage eit vurderingsverktøy for å vurdere kvaliteten i språkarbeidet. Både ekstern vurdering og intern vurdering, kollegaveiledning o.l. kan vere aktuelle innfallsvinklar. Vi ynskjer å arbeide vidare med utvikling av verktøyet, m.a. fordi barnehagane har kome litt ulikt.

Vi ser og at samarbeidet med skulen ikkje er kome så langt som vi hadde tenkt. Vi hadde planar om å trekke med oss skulen i dette arbeidet, slik at vi kunne få til ein plan for språkstimulering og lese- og skriveopplæring i barnehage og skule. Så langt har vi ikkje kome. Undervisningssektoren har bestemt at dette arbeidet vil bli sett i gang hausten 2007. Skulane har byrja eit arbeid med planar for lese- og skriveopplæring og dette arbeidet blir samordna neste skuleår.

Prosjektet har sett i gang mykje refleksjon over vaksenrolla, og vi har fått i gang spennande aktivitet på området språkstimulering. Barnehagane opplever at dei med auka fokus har fått eit mykje meir medvete arbeid med språk.

Litteratur og materiell

- ”Språkstimulering – tale og skrift i førskulealder”. Av Bente Hagtvet
- ”Fortell for små barn – eventyr og fortellinger i barnehagen”. Av Ann Granberg, Åse Gulbrandsen, Pedlex 2002
- ”Gi meg en A”, Roar Vingelsgaard, Tynset kommune
- ”Språksprell”, Metodiske språkleker, 4-6 år. Norli
- Ringeriksmateriellet: ”Språkverkstedet”, Lyster og tingleff. Norli

- Språkleker. Jørgen Frost og Annette Lønnegaard, Universitetsforlaget
- Rammeplanen for innholdet i og oppgåvene til barnehagen, Kunnskapsdepartementet 2006
- Temahefte om språklig og kulturelt mangfold, Marit Gjervan (red.), Kunnskapsdepartementet
- Barnehagefolk nr. 4/2006, Pedagogisk forum